

Vedtekter for Askvoll kulturskule

Visjon:

Kulturskulen er ein viktig aktør som kan gjere Askvoll til ein meir attraktiv kommune å bu i. Vi skal vere ein rollemodell for utvikling, kvalitet og resultat på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Mål:

- Askvoll Kulturskule vil arbeide aktivt for å auke interessa for kultur i kommunen.
- Askvoll Kulturskule skal vere ein skule for alle. Vi skal tilby kvalitetstenester til både unge og vaksne, nybegynnarar og vidarekomne, og vi satsar på samspel mellom aktuelle kulturaktørar, profesjonelle, frivillige lag og organisasjonar og kulturskuleelevar og kulturskulelærarar.
- Vi vil være eit ressurscenter for kultur og kulturaktivitetar i kommunen og på Vestlandet. Hovudmålet vårt er å utvikle og ivareta kunstnarisk og kulturell kompetanse. Til grunn for dette ligg eit heilskapssyn om at alle menneske har formsans og uttrykksbehov som kan utviklast gjennom opplæring.

Vilkår

Opptaksfrist/oppseiingsfrist: 15.mai

Opptak:

Søknader vert handsama fortløpende. Rektor har ansvar for opptaket. Barn og ungdom vert prioriterte. Søkjarar med spesielle behov og søkjarar med ansiennitet frå andre kulturskular kan prioriterast etter søknad.

Venteliste:

Søkjarar som ikkje får plass ved hovudopptaket vert sett på venteliste. Søkjarar på venteliste får tilbod om plass når det vert ledige plassar. Prioriteringa skjer etter ansiennitet på ventelista og alder.

Utmelding:

Har du fått plass i kulturskulen og delteke meir enn to gonger i eit undervisningstilbod, må heile semesteravgifta betalast, med mindre undervisningsbrotet skuldast kulturskulen.

Du er elev heilt til du skriftlig melder deg ut. Utmeldinga må ha underskrift av ein føresett (dersom du er under 18år). Det er ikkje tilstrekkeleg å melde frå til læraren eller sende bod med andre elevar.

Har du gløymt å seie opp plassen din innan 15.mai er du pålagt å betale heile haust-semesteravgifta.

**Vil barnet ditt melde seg ut? Spør først kvifor han/ho vil det. Det kan være mange grunnar og det fins kanskje ei løysning på det. Diskuter med læraren eller med rektor. Vi er fleksible og i lag kan vi*

kanskje finne løysingar tilpassa den enkelte elev. De er alltid velkomne til å ta opp situasjonen med oss.

Elever som har plass trenger ikke søke på nytt.

Fråvær:

Om nokon av lærarane våre har fråvær, gjer vi alt vi kan for å skaffe vikar slik at undervisninga går som den skal. Melding om avlyst undervisning vert sendt ut per sms/epost. Kulturskulen kan avlyse 2 undervisningsdagar per elev per semester. Vert det fleire avlysingar i løpet av eit skuleår kan vi gje kompensasjon på 2 ulike måtar. Enten lagar vi eit opplegg som tek att avlyst undervisning, eller vi gir reduksjon i elevpengane. Dette vert ikkje gjort dei to første avlysingane.

Skulen kan gi kompensasjon for elevfråvær for meir enn 4 veker dersom fråværet skuldast sjukdom og vert dokumentert med legeattest.

Tap av plass:

Uregelmessig frammøte, ugrunna fråvær over lang tid, manglande betaling og manglande interesse, kan føre til tap av elevplass. Rektor avgjerd dette etter at elev/føresette er orientert.

Klageinstans:

Opptak og tap av plass kan klagast på etter regelverk i forvaltningsloven. Formannskapet er kommunale klagenemnd.

VIKTIGE DATOAR Å HUGSE PÅ:

Opptaksfrist: 15.mai

Oppseiingsfrist: 15.mai/ 15.november

Skriftleg oppseiing må skje seinast **15.mai** dersom du ikkje ynskjer å starte på haustsemesteret. Seier du opp plassen etter denne datoen, må du likevel betale for haustsemesteret.

Skriftleg oppseiing seinast **15.november** dersom du ikkje ynskjer å halde fram med vårsemesteret. Seier du opp plassen etter denne dato, må du likevel betale for vårsemesteret.

Kulturskulen tek elles imot søknader heile året.

Undervisninga

Vi har kontor på Rådhuset i Askvoll, men undervisninga føregår desentralisert på fleire stader i kommunen.

Undervisning vert i hovudsak gjeven kvar veke (gjeld det tilbodet som går gjennom heile skuleåret), både individuelt og i grupper. For individuell undervisning er det ein snitt på maks 3 elevar i timen.

Undervisningsåret føl skuleruta i Askvoll Kommune. Vi starter året med foreldremøte der endeleg timeplan vert spikra og året sine skuleaktivitetar og faglege mål vert presenterte. Vi har utviklingssamtaler i *februar* der lærer, elev og foreldre er til stades.

Forarbeid til, og gjennomføring av konsertar/opptreden/utstillingar er likestilt med undervisning og en naturleg del av verksemda/opplæringa.

Askvoll kulturskule ynskjer å bidra til at elevane kan opptre for et publikum, enten åleine eller saman med andre elever. Dette vil føregå i full forståing med elevane og heimen.

Det bør vere eit nært samarbeid mellom kulturskolen, frivillige kulturorganisasjonar og grunnskulen i utarbeiding av undervisningsplanar.

Elevar som melder seg på piano/keyboard-undervisninga må ha instrument heime.

Ved arrangement vert det teke inngangspengar for å dekke utgiftene vi har med den tekniske produksjonen. Eleven kan bli fotografert/filma til bruk på websider/ brosjyre.

Skuleåret inneheld 3-4 hovudproduksjonar og fleire inspirasjonsdagar.

Personalet:

- a) Askvoll kulturskule skal ha ein rektor som har det faglege, administrative og organisatoriske ansvaret for skulen si verksemd.
- b) Det pedagogiske personalet skal ha relevant faglig og pedagogisk utdanning. Relevant praksis kan kompensere utdanningskravet.
- c) Den som skal arbeide i Askvoll kulturskule skal leggje fram tilfredsstillande politiattest.

Priser:

Betalingssatsar vert fastsett av kommunestyret.

Faktura vart sendt halvårleg.

Eleven skal sjølv betale for materiell/bøker/scene-antrekk.

Kulturskulen tek atterhald om at det kan vere tilbod vi ikkje kan starte opp. Det kan til dømes vere for få påmelde elevar.

Kontakt med foresatte:

Saman med rektor har kvar enkelt lærar ansvar for kontakt med føresette/heimen. Etter ny arbeidsavtale plikter den enkelte lærer å leggje inn i timeplanen sin kvar og når føresette kan treffe læraren ved frammøte eller på telefon.

Evalueringsmøte skal skje i løpet av februar kvart skuleår der føresette, elever og lærer er til stades.

Brukermedvirkning:

- a) Det kan opprettes et foreldreråd ved kulturskolen. Foreldrerådet består av alle foreldre til barn og unge i kulturskolen.
- b) Det kan opprettes også et samarbeidsutvalg ved kulturskolen. Samarbeidsutvalget består av to foreldre, to elever, to representanter for de ansatte og rektor ved kulturskolen som både er kommunen sin representant og sekretær for utvalet.
- c) Samarbeidsutvalet kan uttale seg om pedagogiske og faglege spørsmål, samt vurdere behov som gjeld undervisningen.

Endring av vedtekter:

Endring av vedtektene skal vedtakast av kommunestyret.

Vedtektene er fastsette av Askvoll kommunestyre i møte 04.03.2015.